



Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Dato: 16. mars 2022

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **FRILUFTSLOVA – KLAGE PÅ BETALING FOR TURPARKERING PÅ RESET I VOLDA KOMMUNE**

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om å limenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftslivlov. Vi viser her til vårt skriv av 14.12.2021 om turparkeringsavgift sendt til alle kommunane i fylket samt til Statsforvalteren.

I brev av 07.01.2022 til Volda kommune stilte vi spørsmål om turparkeringsavgifta som er innført på Reset i Volda kommune er lovleg jfr friluftslivlovens § 13 og § 14. I brev av 08.03.2022 frå Volda kommune fekk vi tilbakemelding om at; «Kommunen vurderer at innføring av vilkårsparkering ved Volda skisenter er i tråd med gjeldande regelverk, og er etter vår vurdering ikkje i strid med Friluftslivlova.»

FNF Møre og Romsdal tolkar brevet frå Volda kommune 08.03.2022 slik at dei har vedteke ei turparkeringsavgift på Reset heimla i § 14 i friluftslivlova. Då les vi i rundskriv T-3/07 om friluftslivloven om friluftslivloven § 14 (under pkt 7.4. og pkt. 9.3) at dette er eit enkeltvedtak i høve til forvaltningslova og at klagemyndigheit er Statsforvalteren. **På dette grunnlaget klager vi Volda kommune sitt vedtak av 08.03.2022 om innføring av turparkeringsavgift på Reset inn til Statsforvalteren.** Vi legg til grunn vår klage at turparkeringa på Reset primært må vere gratis jfr intensjonen i friluftslivlova, subsidiært må avgifta stå i forhold til dei tiltak som er gjort til fordel for friluftslivfolket.

Helsing

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal



FORUM FOR  
NATUR OG FRILUFTSLIV

---

MØRE OG ROMSDAL

Vedlegg: Brev frå FNF Møre og Romsdal av 07.01.2022 til Volda kommune om Reset turparkering

Brev frå Volda kommune til FNF Møre og Romsdal av 08.03.2022 om Reset turparkering

Kopi: Volda kommune